



# ÅRSMELDING 2022

**Sykylven sokneråd**

# ÅRSMELDING SYKKYLVEN SOKNERÅD 2022

## Sykylven sokneråd har hatt fylgjande medlemar :

Sokneprest: Simen Elias Nordbrønd Myklebust (permisjon frå 12.07.21 til 23.05.22)  
(Erlend Lunde møtt på eitt møte)

Leiar: May Lisbeth Hovlid Aurdal

Nestleiar/skrivar: Torbjørn Støylen

Nestleiar 2 Bjørg Djupvik Grebstad

Medlemar: Monica Breivik Orre,  
Therese Kristin Utgård, Linn Kristin Tårnes,  
Tor Mørkeseth (1.vara møter fast)

Varamedlemar: 2.Marit Helen Akslen, 3.Astrid Breivik, 4.Therese Brunstad.

Morten Hjellegerde (opprinneleg 1.vara)  
Trådte ut av rådet grunna flytting utanlands fom juni 2021:  
Permisionar : Marit Akslen (sept 21-febr 22)

Leiar, 1.og 2.nestleiar samt sekretær vart gjenvalgt november 2022 for nytt arbeidsår.

Tilsette som har delteke på einskildmøter :

Diakon Kristin Kjemphol Lohne, kyrkjetenar Karl Johan Gjevenes,  
kyrkjeverge Arild Sporsheim

Antal soknerådsmøter : 6

Antal saker handsama: 37 i tillegg til fellessaker.

## Av saker i Sykylven sokneråd 2022 kan nemnast:

- Årsmøte/årsmelding
  - Konstituering/Val leiar, nestleiar, sekretær
  - Gudstenesteplan Sykylven - Ikornnes
  - Offerlister og støtter
  - Kyrkja vår – Heilheitleg menighetsplan
  - Nominasjonskomité- Kyrkjeval 2023
  - Grøn kyrkje
  - Søndagsskulekrok i kyrkjestova
  - Frivillighetens år 2022 v/diakon
  - Saman som kyrkje i heile verda/Frivilighetsdag
  - Konfirmantopplegg
  - Medhjelparfest/årsmøte 31.03.
  - Årsmelding
  - Honorarreglement
  - Rasisme / nye landsmenn Besøk av Marhawi frå Eritrea
- Viser til møtereferata på heimesida til Sykylven kyrkje  
([www.sykylven.kyrkja.no/Om-oss/Sokneråda](http://www.sykylven.kyrkja.no/Om-oss/Sokneråda)) for meir detaljert informasjon.

## Fellesmøte Sykylven - Ikornnes sokneråd med stab og prost 01.11.22

-Kva er måla våre og korleis jobbe for å nå fleire?

-Gudstenestefrekvens mellom Sykylven-Ikornnes

-KN aksjon

Sykylven sokneråd har hatt glede av konstruktivt samarbeid med Ikornnes sokneråd i samanfallande saker, og begge sokneråda ynskjer å ha felles møter eit par gongar årleg.

**Anna :** Strategisamling stab og soknerådsleiarar Loen august.

## **Representasjon**

Kirkens Nødhjelp kontakt: Anne Lovise Aure Stave

Kirkens SOS representant : Torbjørn Støylen

Representant i misjonsutvalet : May Lisbeth Hovlid Aurdal, Therese K. Utgård

Representant i barne, ungdom- og familieutvalet: Monica Breivik Orre

Representant i diakoniutvalet : Ingen frå soknerådet

Representant i kyrkjemesestyret : Bjørg Djupvik Grebstad

Representant i utsmykkingsnemndene: Marit Helen Akslen og Simen E. N. Myklebust.

Representant i Grøn kyrkje: Marit Helen Akslen

Beredskapsgruppe:Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, May Lisbeth Hovlid Aurdal, diakon

## **Staben: Endringar, permisjonar og vikariat :**

Det har vore endringar og utskiftingar i staben i 2022.

Runar Bårnes, med ansvar for kyrkjene, gjekk av med pensjon den 29.04.2022.

Karl Johan Gjævenes, kyrkjetenar m/driftsansvar, 100% f.o.m. 08.08.2022.

Simen Elias Nordbrønd Myklebust, sokneprest i Sykkylven, var i permisjon fram til mai 2022.

Erlend Lunde, ny stilling i prostiet og studiestart på døveprestutdanning.

Knut Farstad, ny sokneprest på Ikornnes f.o.m. 01.06.2022.

Kathrin Notanes Riksheim, Trusopplærar (vikar), 25% frå 25.01.-31.07.2022, 100% frå 01.08.2022 i 1-års vikariat.

**Vikarar prest:** Helge Standal, Erlend Lunde, Nils Beite, Oddmund Måseide, Jan Løkkeborg, Knut Bjune og Audun Askim.

**Frivillige :** Eit stort korps frivillige medarbeidarar bidreg med oppgåver i kyrkjelydsarbeidet.

## **Honorarreglement (nytt av året)**

Fleire personar som takka ja til honorar i 2022. Dette med grunnlag i eit av desse punkta i felles vedtak i Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd (IK sak 3/22 og SY sak 04/22):

### **«Frikjøp» av ungdommar/studentar**

*Ein av grunnane til aktualisering av temaet om honorar er at det i dag er ein god del av ungdommane/studentane som arbeider på kveldane og i helgane. Engasjement i kyrkjene inneber då i praksis at ungdomsleiarar får redusert inntekt. Som ein kompensasjon for dette fant vi det lurt/riktig å gi honorar til ungdomsleiarar i forhold til medgått tid. Her viser vi til lønnstabellen under pkt. 4.8 Unge arbeidstakrar i Hovedavtalen til Dnk.*

### **Leiar/hovudansvarleg for ein aktivitet/trusopplæringstiltak**

*Ein annan grunn til denne aktualiseringa av temaet om honorar er at oppgåva/ansvaret/rolla som leiar/hovudansvarleg er av eit slikt omfang at eit tilbod om honorar/lønna engasjement kan være avgjerande i valet om å prioritere dette. Vi fant det difor lurt/riktig å tilby honorar innanfor gjeldande maksgrense for skattefritak.*

Endingar i staben og behovet for vikarar har gått relativt fint, men har også vore ekstra krevande for resterande stab. Det har også påverka begge sokna.

**Slutt på pandemirestriksjonar** Regjeringa kunngjorde 12. februar, at "meteren" og munnbindpåbodet var oppheva. Dermed vart det slutt på alle koronatiltak i kyrkjene. Endeleg kunne vi være kyrkje igjen utan å ta mange ekstra førehandsreglar, sjølv om spriting og sunn fornuft var gjeldande

## Den norske kyrkja har desse måla for arbeidet:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekirkja engasjerar seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Desse måla let vi klinge med, når vi ser på arbeidet i Sykkylven kyrkjelyd.

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

**Gudstenester** var fram til medio februar avgrensa grunna smitteverntiltak knytt til koronapandemien. Etterkvart vart det meir normalisert. Sokneprest Simen Myklebust var i pappapermisjon til slutten av mai, og fleire var inne som vikarar. Knut Farstad byrja som sokneprest i Ikornnes i juni, og hadde også gudstenester i Sykkylven kyrkje.

Gudstenesteleiarane Svein Erik Kampenes og Torbjørn Støylen har også fleire gongar leia gudstenester og dette har vore eit svært positivt bidrag.

Gudstenester med ekstra song og musikk eller med opplegg slik som konfirmasjon, er ekstra populære. Besøkstalet har variert, kanskje meir enn i eit normalår. I oktober, november var det ei periode på seks veker med eit snitt på 200 besøkande. Men til jul var det markant færre enn vanleg på julaftan, og det blir spanande å sjå om det er eit unntak eller om det blir behov for meir fokus på invitasjon inn mot julegudstenestene i kyrkja.

Gudstenestene er samlinga vår der vi samlast oss rundt Guds ord og fellesskapet vi har i trua på Jesus og i sakramenta og det har difor ei heilt spesiell stilling i kyrkja vår. Meir enn før er vi klar over at dette ikkje er eit sjølvsagt privilegium. Soknepresten gleder seg stort over dei han ser vekse i trua på Jesus i kyrkja vår.

**Dåp** Det er alltid spanande å følge med på dåpstala. I Sykkylven sokn vart 33 stykk døypte. 21 er heimehøyrande i soknet, 7 er heimehøyrande i Ikornnes sokn, 4 utanbygds og 1 utanlandsk. Av tala som er tilgjengeleg no er dette det lavaste dåpstala i løpet av åra tilbake til 2010, men SSB har ikkje gitt ut tala om kor mange som vart fødde i 2022. I 2021 var det 55 fødde i heile kommunen. 1 Person tilhøyrande i Sykkylven sokn vart også døypet på Ikornnes i 2022.

Om dåpstala går ned, vert det også færre å sende ut informasjon og invitasjon om trusopplæring til. Det er viktig å følge med, og vi vil ha nytte av å få tydlegare oversikt over korleis det legg an når tala blir klare.

**Vigsel** av 9 par vart gjennomført i 2022 (5 heimehøyrande i soknet, 3 er heimhøyrande i Ikornnes sokn, 1 utanbygds). 8 vigsler i 2021.

**Gravferd** Det var 47 gravleggingar med kyrkjeleg handling. (73 i 2021) 1 gravferd med kyrkjeleg handling, men gravlegging utanbygds. Mykje av det daglege arbeidet til staben handlar om møte med dei sørgande og gjennomføring av gravferder. Grevferder er ein viktig møteplass, med ei særskild mulighet til å møte alle i kommunen vår.

**Konfirmasjon** (sjå under trusopplæring)

## **DIAKONI**

I 2022 vart landet sakte, men sikkert opna opp igjen etter fleire år med korona. Det har vore kjekt å endeleg kunne skape arenaer for å samlast igjen, uten altfor mange restriksjonar.

Tanken bak dei ulike diakonale tilboda som er satt i gang og gjennomført i året som har gått er å prøve og gi kyrkja og bygda kjekke fellesskap, glede, oppmuntring og omsorg. Ønsket er at tilboda også skal opplevast relevant og aktuell for mange, også dei som ikkje jamnleg går i kyrkja.

Det har videre vore kjekt å sjå at ein har klart å nå mange av dei diakonale måla ein hadde som ønske om å nå i 2022

### **Diakonale tiltak**

#### **Diakoniutvalget:**

Utvalget består av seks medlemmar. Desse er: Åse Irene Vestre, Ivar Vestre, Per Gunnar Holmberg, Lisbeth Stamgård Aure, Stein Vedvik og Kristin Kjemphol Lohne.

Utalet er ein viktig støttespelar og resurs for diakonen og det diakonale arbeidet.

Våren 2022 hadde diakoniutvalget fleire møter. Hausten 2022 hadde utvalget eit møte.

Utalet har mange viktige innspel inn imot det diakonale arbeidet i kyrkja, og diakonen ser fram til fleire møter i 2023.

#### **Andakter Jettegryta Buas**

Med unntak av av nokre månader på starten av året pga korona, har det vore andakt på Jettegryta BUAS annakvar tirsdag kl. 11.15. Mange frivillege har vore med og bidratt på andaktene, blant anna Hundeidvik Bedehus, Sykkylven bedehusforsamling, St. Olav kyrkje i Ålesund. Mange på BUAS utsykker glede over andaktene. Oppmøtet på andaktene varierer imidlertid veldig og er avhengig av at diakonen minner personalet på andaktene både på mail, men også fysisk ved å gå rundt på alle avdelingane den aktuelle dagen andakta skal vere. Dette er tidkrevande. Ein utfordring for 2023 er å klare å etablere ei rutine slik at dette tilbodet blir meir sjølgåande.

#### **Gudsteneste for BUAS og dagsentra i Sykkylven kyrkje**

BUAS og dagsentra vart invitert til både påske og julegudstjeneste i Sykkylven kyrkje i 2022. Det blei to utruleg stemningsfulle gudstenester, med mykje flott musikk av blant anna Rose Iren Stave, Credo Vokal og Per Grønli og fantastisk korsang av elevar frå Aure skule leda av Marit Bratli. Helge Standal var prest på begge gudstenestene. Det var kjekt å invitere til gudsteneste i kyrkja, og dei frammøtte gav utsyn for at det var ei fin oppleveling. Nytt av året var at alle også blei invitert til kyrkjekaffe før gudstenesta. Til påske blei kyrkjekaffen servert nede i kyrkjestova, til jul blei kyrkjekaffen imidlertid flytta opp til kyrkjesal 1. Dette for å forenkle prosessen med å forflyttes seg fra kyrkjekaffen og inn til kyrkjerommet der gudstenesta skulle vere. Rotary var med å servere og lage til kyrkjekaffen på begge gudstenestene og gjorde ein strålende jobb.

#### **Ringe etter gravferd**

I mars 2021 starta diakonen opp med tenesta å ringe pårørande ei tid etter gravferda. I forbindelse med dette laga diakonen brosjyren «Livet etterpå» som inneholder informasjon om sorgarbeidet som skjer i kyrkja. Prestane leverar brosjyren til pårørande i forbindelse med sorgsamtalet dei har før begravelsen. Her står det blant anna at diakonen vil ringe ei tid etter gravferda, slik at dei er forberedt på dette. Diakonen har så langt fått positive tilbakemeldingar på tenesta. Denne tenesta blei i 2022 lagt på is, dette pga av at diakonen ønsker å prioritere fysiske møter framfor telefonsamtalar.

#### **Pilegrimstur**

Det var ønske om å gjere pilgrimsturen frå Ålesund sentrum til Borgund kyrkje til ein årelg tradisjon. Det vart imidlertid ingen påmeldte denne gangen, arrangementet blei derfor avlyst.

## Fjordcruise

Ønske om reprise frå fjordårets cruise førte til at Sykkylven kyrkje arrangerte fjordcruise frå Sykkylven sentrum til Hjørundfjorden også i august 2022. Nytt av året var at Stein Vedvik var ein flott guide med mykje kunnskap. Cruiset vart fullsatt. Vi var også denne gangen svært heldige med veret, og folk gav utrykk for at det var ei veldig kjekk oppleving.

## Allhelgensgudsteneste med utdeling av gravlys med helsing.

Den første søndagen i november markerte vi allehelgensdag i Sykkylven kyrkje. Dei som har mista nokon det siste året, er spesielt invitert. Vi delte som i fjar ut gravlys med englekort og bibelvers til dei frammøtte. Nytt av året var at det også blei utdelt kaffi og bollar i våpenhuset etter endt gudsteneste. Dette for å gi dei som ikkje «vågar» seg ned på kyrkjekaffien eit alternativ. Dette blei veldig godt mottatt. Dei frammøtte gav utrykk for at dei følte seg sett, møtt og ivaretatt. Vi hadde også opa kyrkja etter gudstenesta til ca. kl.17.00.

Konfirmantane var delaktige med å bake bollar, lage til gravlysa, samt å dele ut dette på sjølv allehelgensdagen. Konfirmantane gjorde ein fantastisk innsats, og opplevde også sjølv oppgåva som meiningsfylt. Vi ønsker derfor at konfirmantane fortset denne tenesta i åra framover.

Soknerådet såg i 2021 at det kunne vere behov for fleire som kunne verre til stades for dei inviterte til denne gudstenesta. Ingen skal kome til kyrkja ein slik dag, utan å ha muligkeit til å bli sett eller å få nokon å snakke med ved behov. Dette er noko soknerådet si «krisegruppe» vil fortsette å prioritere saman med diakon.

## Nye tiltak i 2022.

### Søndagsmiddag

I 2022 starta vi opp med søndagsmiddag i Sykkylven kyrkje. 5 middagar, 3 på våren og 2 på hausten. Ønsket var at tilbodet skulle vere eit lavterskel og fellesskapsbyggande tiltak på tvers av generasjonar. Middagen skulle heller ikkje koste meir enn at alle skulle ha råd til å kjøpe middagen. Ivar Johansen kokkelerte og serverte nydelege rettar. Tilbodet har vore populært og det har vore mellom 70 – 110 personer kvar gong. Arrangementet krev mykje arbeid, men med heiderleg innsats frå frivillige har arrangementet «gått som smurt». Vi planlegg fleire middagar i 2023, og vi tar gledeleg imot fleire frivillige medarbeidarar.

### Turguppe

I februar 2022 starta vi opp med turgruppe annakvar onsdag frå kl. 11.00 – 13.00. Målet var å skape eit kjekt og sosialt turfelleskap for alle som er heime på dagtid og likar å gå tur. Vi møtast utanfor Sykkylven kyrkje kl.11.00 for deretter å samkøyre til det bestemte turmålet. Noko som både er miljøvenleg, men også gir moglegheit til dei som ikkje har bil til å kunne oppleve bygda sine mange flotte turmål. Turfølget har vore frå 3 til 18 stykker. Turmåla i 2022 har blant anna vore Tuvatnet, Fagrefjellet, Hovdeåsen og Fetvatnet. Høgdepunktet i 2022 var sommaravslutninga hos Bjørg og Terje Bakke i Fausadalen på hytta deira på Brune. Vi satsar på nye turar og turmål frå mars 2023.

### Opa kyrkje

Opa kyrkja vart starta våren 2022. I vår var det opa kyrkje torsdagar frå 11.00- 13.00, i haust blei dagen for opa kyrkje flytta til måndagar. I utgangspunktet er kyrkja opa kvar dag frå 10.00-14.00, men måndagar frå kl. 11.00-13.00 er kyrkja spesielt tilrettelagt med kyrkjevandring der ein mellom anna kan høre på musikk, skrive bønelappar og tenne lys. Opa kyrkje gir rom for ettertanke, bøn og stillheit. Vi håpar mange vil gjere seg nytte av dette tilbodet i tida framover.

### Måndagstreff

I samarbeid med pensjonistlaget blei Måndagstreffet i Sykkylven kyrkje våren 2022 ein realitet. Dette er eit uformelt treff for alle som er heime på dagtid. Treffet varer frå ca. 11.00-13.00. Fellesskap, den gode samtalens og å ha det kjekt i lag står i sentrum. Det blir servert

vaflar og kaffe/ te kvar gong. Programmet har vore variert og allsidig, spesielt flott har det vore at mange av deltakarane spontant har gått opp på «talarstolen» og mellom anna delt dikt, minner frå gamle dagar, og tekster dei har skreve. Treffet har fått veldig positiv respons av dei frammøtte, og vi gler oss til fortsetjinga i 2023.

### **Strikkekurs for dei under 50 år.**

Mange er glad i å strikke. Det å strikke er veldig inn for tida, også blant dei unge. Det er få tilbod for unge vaksne i kyrkja vår, men også i bygda generelt. Tanken bak dette tilboden var å lage eit fellesskap av strikkeglade personar under 50 år. Camilla Tafjord var kurshaldar og ho viste oss korleis ein strikkar Bonderomantikk- jakka som er designa for Hjørundfjordstrikk. Kurset hadde 10 deltakarar. Håpet var at det skulle vakse fram eit ønske frå kursdeltakarene sjølv om å danne ein strikkeklubb. Dette ønsket er no ytra og vi satsar på å starte ein strikkeklubb i kyrkja for alle som likar å strikke i løpet av våren 2023.

### **Måltid etter gudstenesta skjærtorsdag**

For mange er påska ei meir einsam høgtid enn jula. Mange er bortreiste og påska inneholder mange «raude» dagar. Det er heller ikkje det same fokuset på dei som er einsame og aleine i påska som for eksempel til jul. Påska kan derfor kjennast svært lang for dei ikkje har eit nettverk eller familie rundt seg. Tanken var derfor å lage eit måltid i påska der ein kunne feire gudsteneste ilag og deretter ha måltidsfellesskap saman. Dette med håp om å gjere påska litt mindre einsam for nokon. Måltidet var gratis og for alle. Det blei servert nydeleg salat med brød. Det var ikkje mange til stades, men veldig kjekt for dei som var der.

### **Vegen vidare**

Mange av dei diakonale tiltaka som blei gjennomført i 2022 ønsker ein å forsette med i 2023, slik som for eksempel søndagsmiddag, turgruppe, opa kyrkje og Måndagstreff, mens andre tilbod ikkje har fungert like godt og vil bli erstatta av nye tilbod. Tilbod som ein håpar kan starte i 2023 er:

- Demenskor
- Pop-up butikk der ein sel brukte klede i forkant av ei høgtid som for eksempel jul.
- Strikkekubb
- Sorgseminar i ulike former

## **ANNA KYRKJELYDSARBEID**

### **Fasteaksjonen 05.04.**

Janita Kurseth Eikemo frå Ikornnes sokneråd tok flott initiativ tidleg og bestilte alt materiell til aksjonen. Janita K Eikemo, Marit Akslen og Torbjørn Støylen hadde dugnad på merking og tillaging av bøssene. Fam Støylen pakka og delte ut bøsser på konfirmantleirar på FU. Dette vart mykje arbeid på få personar, noko vi må førebu betre og fordele på fleire våren 2023. Begge sokna har no eigne kontaktpersonar som samarbeider og vi trur dette vil fungere godt i framtida.

### **Misjon og misjonsutval**

Misjonsutvalet sitt mål og mandat frå soknerådet er at misjon skal vere ein integrert del av kyrkjelyden sitt arbeid. Dette saman med frivillige og tilsette. Gjennom gudstenestearbeidet, forbøn, offer, informasjon og inspirasjon. Stoff frå Thailand og Kirkens Bymisjon vert jamleg lagt inn på heimesida, med oppfordring om fast givarteneste til misjonsprosjekta.

Vi kan bli betre, gjennom å aktivt bruke inspirasjonsstoff, både verbalt i gudsteneste og andre samlingar, og visuelt på skjermar og heimeside. Trua kjem av forkynninga, og det er viktig at alle aldrar vert utfordra til å dele tid, ting, tru og talent. Kyrkjelyden har fornya misjonsavtale i Thailand med NMS og Kirkens Bymisjon Møre for 4 år. Den norske Israelsmisjon har kyrkjelyden ingen avtale med, men det er tradisjon for å støtte med forbøn og økonomi.

**Aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda» 19.06.** Aksjonen set vår eigen misjonsavtale med NMS/SMM på dagsorden. Bilder, informasjon, forbøn og innsamling. Vi er oppfordra frå bispedømet og Dnk nasjonalt om å ta del i aksjonen, også gjennom handlingsplanen for Dnk sitt globale oppdrag. Gudsteneste med misjonsfokus, og aktivitetsdag i kyrkjeparken rett etter gudstenesta. Misjonsløp, grill, bålpanne, tombola, loddosal og kyrkjekaffi ute. Digital spleis der ein kan støtte misjonsprosjektet i Thailand. Viktig at dette vart og vert publisert på alle tilgjengelege digitale flater; skjermar, heimeside, facebook og kunngjeringar på gudstenestene. Ein «folkefest» i parken for fire generasjonar. Alle alle vil vi ha med - far og mor liten og stor. Fleire generasjonar let seg engasjere: Synge, samle, samle inn, sykle, strikke, spasere, spele, sy, lodde ut, bruke kreativitet - i solidaritet med søsken i den verdsvide kyrkja.

Ikkje berre gudstenestedeltakrarar, men festen trakk også folk frå bygda, frå sentrum og tilfeldige forbipasserande. Det vart spurd om dei også kunne få ta del med sine barn eller oldebarn. Når det vart sagt frå fleire at det var positivt at kyrkja ppna opp, kom ut til folket og inkluderte, då har vi nådd ein dobbel misjon med denne dagen. Liknande festdag vert planlagt 18.juni 2023 saman med søndagsskulen.

### **Barne-, ungdoms og familieutval (BUF)**

Ikornnes og Sykkylven sokneråd har felles barne, ungdoms- og familieutval med leiar Marit E. Lunde. BUF har samarbeidd og hatt møte saman med trusopplærarar og ungdomsarbeidar.

### **Samarbeid mellom utval**

Det er viktig å sjå dei ulike utvala sitt arbeid i høve til kvarandre, gi kvarandre innspel og arbeide saman. Misjonsutvalet sitt mandat seier: «*Misjon skal vere ein dimensjon i alt kyrkja er og gjer, for barn, ungdom og vaksne*».

Misjonsutvalet har oppfordra sokneråda til å tenke misjon innanfor dei eksisterande tiltaka, framfor å lage nye tiltak for misjon spesielt. Bispevisitasen gav denne utfordringa: «*Misjonsdelen i trusopplæringsplanen er for liten og for lite konkret slik den er no. Dette kan jobbast vidare med*».

Leiarar i ulike tiltak: fredagsklubben, søndagsskule, maxigjeng, tweens, konfirmantarbeid, familiemiddag, sang og korarbeid og gudstenester kan gjerne få forslag frå misjonsutvalet og tilbod om besøk, for å vere med å gi innhald med misjonsperspektiv.

Dnk, NMSU og Søndagsskulen samarbeider no om å prøve ut det engelske Messy-Church konseptet i norske kyrkjelydar. Her er det stoff og besøk å hente inn i trusopplæringa. Slik kan ein gi kvarandre drahjelp, og skape heilskap i arbeidet. Aktivitetar kan vere gudsteneste med misjonsfokus, misjonsavtale-markering, middag og misjonsløp etter gudstenesta.

### **Kyrkjemessa 24.09.22**

Etter to år med pandemi samla Kyrkjemessa igjen store og små. Heile messa vart avvikla på laurdag, mot tidlegare fredag og laurdag.

kl 10.30 -13.00 program for familiar med BliM dansen, «grip mikrofonen», 3 unge songarar, åresal, tombola og kafésal. Kl 13.30 – 17.00 utstilling i kyrjetorget v/ Berit Furholm, Sætrane under Nibba v/Jan Grebstad, kåseri v/Astor Furseth og musikk v/Øss tre, samt åresal og kafésal. Det var godt besøkt av folk i alle aldrar og god stemning. Mykje pengar til barne- og ungdomsarbeid i kyrkja vart samla inn. Dette er ein gedigen felles dugnad med mange folk som leverer gevinstar, sel lodd, lagar kaker og brukar tid og krefter til fellesskapet.

Mesestyret legg ned mykje arbeid og mange timer for å lage denne flotte dagen for soknet.  
Mesestyret 2022:

Lillian Klokk Urtegård, Margit Aure Overå, Bente Skjeret-Tynes, Liv Nordli Hole, Elise Ullavik, Eli Cesilie Myrene, Kariann Sandvik, Agnes Hjorthol, Bjørg D. Grebstad

## **Seniordag 30.10.22**

Saman med Sykkylven kommune inviterte begge sokneråda til seniordag i Sykkylven kyrkje. Ikornnes sokneråd pynta og dekka fint laurdag, og rundt 100 stk fylte kyrkjestaova. Leiar i Ikornnes sokneråd Magnar Vigstad leia programmet, leiar i Sykkylven sokneråd hadde innlegg, og ordførar Drotninghaug helste og hylla bygdas seniorar. Diakon Kristin K Lohne song og hadde ordna med god servering. Begge sokneråda serverte og Sykkylven rydda og vaska opp. Ein arbeidskrevjande, men fin festdag. Omtale i Nyss er viktig. Både for å invitere og for å markere at vi er ei kyrkje for heile bygda. Dette er eit arrangement som mange set pris på og prioriterar.

## **Medhjelparfest og årsmøte 31.03.22**

I Frivilligåret var sjølvsgaft temaet Frivilligkeit, belyst på ulike måtar. Frivillige delte erfaringar om ulike tenester. Oppfordring om å skrive seg på lappar. Soknerådsleiar May Lisbeth H. Aurdal hadde andakt om «Lemane og lekamen,- gåver og oppgåver». Soknerådsleiar presenterte årsmelding i bilder. Det synte det mangfaldige arbeidet som skjer i kyrkjelyden og det gir inspirasjon. Trio brukte sine gåver og song, og allsongen vart leia av diakon Kristin Kjemphol Lohne. Kvelden vart avslutta med meditasjon i kapellet.

## **Meditasjons og bønesamlingar**

I kapellet kvar torsdag, ein god halvtime, skjer eit viktig arbeid. Det er kanskje ikkje like synleg eller nemnt som mange andre oppgåver, men dette viktige meditasjons- og bønearbeidet er med å bere anna arbeid. Guds ord løfter fram arbeid i bøn som grunnleggande viktig. Samlingane har ein kort liturgi, 20 minutt med stilheit, felles og stille bøn. Det er godt å vere stille i eit fellesskap! Dette er eit ope fellesskap, uforpliktande å vere med, der ein kan komen når ein kan. Om ein ynskjer kan ein ha ansvar for ei samling, men det er ikkje eit krav. Alle er velkomne til stillheit og bøn, og det er god plass til fleire.

## **Husgrupper 2022**

Fleire hus- og bønegrupper samlast utanom gudstenestene. Dei kan symbolisere eine vingen av eit fly, der gudstenestene er den andre. Skal Sykkylven kyrkje "fly", er samlingar med andre kristne med bøn og bibel viktig. Husgruppene har høve til å følge same bibelopplegget som gudstenestene. Vi ynsker at gjestfridom i heimane kan spele ei enda større rolle i måten vi gjer Sykkylven til ein god plass å bu.

## **Grøn kyrkje**

Soknerådet har vedteke at Sykkylven kyrkjelyd skal bli Grøn kyrkje. Kyrkjeverge, sokneprest, diakon og Marit Akslen utgjer utval som legg vidare planar. Kyrkjetenar er leiar av utvalet og involvert i utføring Grøn kyrkje.

**Givarteneste** til trusopplæring, diakoni og kyrkjelydsarbeid aukar forsiktig.(sjå vedlegg)

## **Økonomi**

Pr. 31.12.2022 har Sykkylven sokneråd kr. 2 674 102,- i diverse fond. Dette er ei auke med kr. 98 242,-. Fond saman med Ikornnes sokn hadde også ei auke med kr. 229 979,-. Bruk av felles fond gjeld i hovudsak løn til trusopplærar/ungdomsarbeidar og diakon. Endringar i staben førte til reduserte lønnskostnadjar i 2022.

I kollekt i gudstenester vart det samla inn kr. 219 481,- i 2022. Av dette gjekk kr. 72 054,- til eige arbeid og

kr. 147 427,- vart sendt vidare til ulike organisasjonar.

Via givarteneste vart det gitt kr. 226 850,-.

Via andre innsamlingar, ved gåver, basarar, messer og liknande vart det samla inn kr. 279 923,-.

Detaljert rekneskap kan ein få ved å ta kontakt med kyrkjeverja.

# TRUSOPPLÆRING

## Kontinuerlege tiltak

### Søndagsskulen

Det vert arrangert søndagsskule samtidig som det er gudsteneste både ved Ikornnes og Sykkylven. Tilbud for alle barn i bygda. Opplegget «Sprell levende» til Søndagsskulen Norge vert nytta. «Gullivergjengen» for dei minste barna og «Agent klubben» for dei litt større. Det har ikkje vore gjennomført maxi-gjeng for dei største barna.

Flere av dei eldste barna har gått SLUSH-leder kurs og er hjelpeleiarar ved søndagsskulen. Slik sikrar ein også eit opplegg for dei eldste barna som har gått fast ved søndagsskulen. Positive tilbakemeldingar til denne ordninga. Dette vil halde fram i 2023.

Frivillige Ikornnes: Marit Lunde (leder), Natalia A. Leknes og Julianne Knardal.

Frivillige Sykkylven: Grete Sporsheim (leiar), Therese U. Aas, Anna Myklebust, Ragnhild Alnes og Liv Fauske (fram til sommaren).

### Aktivitetsklubb for barn med tilretteleggingsbehov

Nytt tilbud med oppstart mars'22. For barn i alderen 8 år og oppover (ingen øvre aldersgrense). Fredagar i kyrkjekjellaren Sykkylven, kl. 17.30-20. Ulike aktivitetar, enkelt måltid. Drive av foreldre og trusopplærarar. Etter sommaren har konfirmantar hjelpt til med stor suksess. Totalt tretten klubbkveldar gjennomført. Godt mottatt tilbud, viktig for dei som deltek. Dette vil halde fram i 2023.

### Småbarnstreff

Nytt tilbod med oppstart april'22. For smårollingar. Samling i forlenging av babysong på torsdag, kl. 11.30-13.30. Felles lunsj for begge grupper. Samling, leik og song. Godt motteke av dei som har delteke, men det har ikkje lukkast å nå barnefamiliar med dette tilbodet. Annonsert i ulike grupper på facebook, samt plakat ved helsestasjon og kyrkjene. Må vurderast om det skal halde fram i 2023.

### Fredagsklubb

Tilbod for 5.-7.klasse 3-4 gongar per semester, i kyrkjekjellaren Sykkylven, driven av Therese Utgård Aas. Populært tilbod med stor oppslutning. På det meste over 200 born (frå 3 trinn). Difor kunne ein ha berre 2 trinn om gongen.

Den eine på våren måtte avlysast grunna mangel på foreldrevakter. Primær utfordring har vore å sørge for nok frivillige/foreldrevakter. Ønske om/mulighet for å utvide til to klubbkveldar i månaden, som tidlegare. Då må det vere ein tilsett som arrangerar og driv klubben saman med Therese. Det er mykje jobb å få tak i og organisere frivillige til kvar gong.

For å sikre gode tilhøve til borna må der vere minst 10 (helst fleire) vakter. Vi må passe på at **alle** har der bra, ingen mobbing osv.

Aktivitetar: kreativt bord, luftgevær, data/, brettspel, små konkurranser og aktivitetsrommet (biljard osv). Enkel mat vert servert og det er ei andakt.

Prestane har bidrøge med andakter eller leiarane har teke det sjølv.

Store deler av kulla kjem, og det er viktig at dette er eit lågterskel-tilbod som inkluderar alle. Difor har vi m. a. kyllingpølser til dei som ikkje et svin, og mange born etterspør dette.

Klubben er eit godt og etterlengta tilbod for denne aldersgruppa. Viktig å ha ein stad ein berre kan vere, ikkje må prestere! Vi håper å få formilde kva kyrkja og kristendom også kan vere (forkynn, om nødvendig også med ord!), og det er kjekt å sjå liv og røre i kyrkja og at borna kjenner seg heime der. Vi voner dette vil vere med å halde kyrkjedørene opne for dei også seinare i livet.

## **Tweens**

Tilbod for 5.-8. klassingar for ei avgrensa gruppe med utgangspunkt i søndagsskulen sitt SLUSH-leiar opplegg. Dette for å finne ut av eit opplegg som fungerar med utviding etter kvart. Tenkt gjennomført ein gang pr. månad i kyrkjejellaren Sykkylven, har vore meir sporadisk. Hovedfokus på samling med enten aktivitet, song eller matlaging i tillegg. Tweens laga ulike produkt for salg ved søndagsmiddag til inntekt for søndagsskulen sitt misjonsprosjekt i Kenya.

Tweensleiarar: Marit. E. Lunde, Monica B. Orre, Jorunn L. Rausand, Kathrin N. Riksheim med bistand fra «kokkane» Astrid Breivik og Liv Fauske. Dette held fram i 2023.

## **Breiddetiltak**

### **Utdeling av 4-års bok**

Felles utdeling av 4-årsbok under gudsteneste i Sykkylven 27. februar. Samling saman med søndagsskulen i etterkant. Invitasjon vart sendt i posten til 36 4-åringar. 13 stk mottok bok.

### **Utdeling av 6-års bok**

Utdeling av 6-års bok i gudsteneste 23. mars (Sykkylven) og 27. mars (Ikornnes). Samling saman med søndagsskulen i etterkant. 73 6-åringar fikk invitasjon i posten, 18 mottok bok.

### **Barabbas samling**

Alle 5-åringar i bygda vart invitert til Barabbas-samling i Ikornnes 2. april, kl. 11-14. Samling med sang, film, skattejakt, mat og aktivitetar. Atten barn med foreldre deltok. Hjelp fra tre voksne frivillige og tre barn. Vellukka opplegg kan brukast i 2023.

### **Familieleir – Orreneset**

Det vart gjennomført familieleir på Orreneset 25.-27. mai. Barnekoret Super og Jippi koret inviterte til song, samlingar, leik og friluftsgudsteneste. Målsettinga var å nå ut til familiar som kunne ha interesse av å bli med i Gospelklubben. Billettea sponsa med vekstmidler for at flest mulig skulle kunne bli med. Arrangementet hadde plass til 60 stk. og var fullbooka. Anbefalast gjennomført i 2023. Fordrar sponsoring av kost - og losji- kostnader.

### **Utdeling av Bibel**

Utdeling Bibel i gudsteneste 13. november (Ikornnes) og 27. november (Sykkylven). Konfirmantar tok imot 11-åringane og delte ut Bibelen saman med presten. Samling saman med søndagsskulen i etterkant. Invitasjon sendt ut til medlemar.

### **Lys vaken**

Lys Våken gjennomført 26.-27. november med overnatting i kyrkjerommet, Sykkylven. Grunna få påmeldte, og behov for brannvakt/nattevakt, vart Lys Våken Ikornnes slått saman med Sykkylven sitt arrangement. Samling med fokus på advent. Barna fekk bli kjent med kyrkja, det nye kyrkjeåret vart feira med festmiddag, lage bivokslys og kampkveld. Åtte konfirmantar hjelpte til laurdag, noko som var verkeleg positivt for opplegget. Frivillig: Natalia Leknes. Anbefalar vidareføring av ordning med konfirmantar. Tjuheein 11-åringar deltok.

### **Julevandring for barnehagar**

Eit alternativt tilbod til julegudsteneste for barnehagebarn der heile kyrkjerommet og våpenhuset vart brukt. Scener frå juleevangeliet på ulike stasjonar. Formidlinga var ein kombinasjon av rollespel, fortelling og at barna fekk delta aktivt i sjølve fortellinga. F.eks. skrive seg inn i manntal, gi gåver til Jesusbarnet og tenne lys. Vi song også fleire julesongar og gjekk rundt juletreet. Vandringa vart avslutta med å lyse velsigninga. Etterpå blei det

servert julemenn og saft. Alle barnehagar i bygda tok del. Gjennomført både ved Ikornnes og Sykkylven kyrkje, 30.11., 1.12. og 8.12. Gode tilbakemeldingar. Bør halde fram i 2023.  
Frå stab: kantor, prest og trusopplærar.

**Konfirmantarbeidet** vart i starten av 2022 leia av Erlend Lunde. Han fortsette med det vanlege opplegget med konfirmantlaurdagar på Ikornnes, men avvikla «nettkonfirmant» der konfirmantane i fleire år har svara på spørsmål via ei nettside som sjølvstudium. Når sokneprest Simen Myklebust var tilbake i jobb etter permisjon og Knut Farstad og trusopplærar Kathrin Notanes Riksheim begynte i jobb vart det gjort eit vedtak i soknerådet om å prøve noko nytt. Staben laga til nytt opplegg som skal vere meir berekraftig og meir direkte retta på å oppnå måla om at konfirmantane skal vekse i tru eller kome til tru, og at dei skal bli verande i kyrkjelydsarbeidet etter konfirmantåret. For å få til dette var det konfirmantleir som vanleg, samt nye bibelstudiesamlingar i kyrkja. Konfirmantane får opplæring i korleis dei sjølv kan lese bibelen og får mindre tematisk undervisning enn før. Responsen frå konfirmantane var svært positiv. I tillegg rekrutterte vi frivillige for å ta til med konfirmantgrupper i heimane. Desse gruppene dekker sentrale tema over fire samlingar: Jesus, Gud Far, Den heilage ande og Nåde. Desse gruppene starta først opp i 2023.

Konfirmantar har teke del i ulike diakonale og trusopplæringstiltak som ein del av obligatoriske aktivitetar dei skal gjennomføre i løpet av konfirmantåret. Dette har vore ein stor suksess. Konfirmantane har deltatt på Fredagsklubb, Aktivitetsklubb, baking/forbereding til Allehelgensdag, utdeling av bollar, kaffi og gravlykter Allehelgensdag, Lys Våken og utdeling av Biblar til 11-åringar. Dette held fram som aktivitetar våren 2023. Anbefaler denne ordninga også for neste konfirmantkull.

## Anna

### Utbedring av aktivitetskrok – Sykkylven

Haust 2022 vart det montert skap og kjøpt medieanlegg og nye stolar til kroken i kyrkjestova. Søndagsskulen og Tweens har fått eigne skap, samt det er ordna eigne skap til kreative aktivitetar og leiker. Bakgrunn var at ein ønska å gjere utstyr som brukast ofte enkelt å bruke og lett tilgjengeleg for frivillige. Samtidig ønska ein å skape eit miljø der barna føler seg velkomen og som er deira. Utover endringane som er gjort skal det monterast ei oppslagstavle der ein kan henge det barna lagar, samt at det skal kjøpast inn konferansebord/aktivitetsbord. Dette blir samkjørt med utbedring/utsmykning av resten av rommet. Eiga gruppe arbeider med dette.

### Trusopplæringsplan

- Trusopplærer ansatt i 25% stilling frå 25. jan til 31. juli, deretter i 100% stilling.
- Trusopplæringsplaner 2021- plan ferdigstilt, rapportering nesten ferdig
- Trusopplæringsplaner 2022 – påbegynt

## SONG OG MUSIKK

### KOR

**Sykylven barnekor** er blitt eige foretak med styre og eigen økonomi, og får derfor frifondmidlar gjennom Ung Kirkessang. Herunder ligg Barnekoret Super.

**Barnekoret Super** har hatt øvingar kvar onsdag i vårsemesteret, og annankvar onsdag i haustsemesteret, kl.17.15 – 18.30. Koret er for born i alderen 4 til 7 år, og har dette året auka frå 5 til ca 20 born. Dirigentar/leiarar har vore Natalia Leknes og Anna Myklebust. Frå hausten -22 har fast pianist vore ukrainske Oksana. Dei har hatt mange framføringar, både i gudstenester, konsert på BUAS, på kyrkjemessa, på basarar og festar i kyrkja, i Sykylven bedehus og i Straumgjerde bedehus. Dei var med å arrangere familie-weekend og gudsteneste på Orreneset, og arrangerte Luciamorgon. Koret er ein vesentleg del av barnearbeidet i Sykylven kyrkje. For 2.-7.klasse har ikkje Sykylven noko tilbod, men det er muligkeit å vere med i Jippikoret på Ikornnes.

**Babysang** har hatt samling kvar torsdag. Leiar: Rose Iren Stave. Vårsemesteret i kyrkjekjellaren. Haustsemesteret oppe i Kyrjesal 1. Meir funksjonelt i høve til varme, møblering(amming). Frammøtet auka betrakteleg, også pga samlande og engasjerte deltakrar. Haustsemesteret sitt tidspunkt kl 10 var for tidleg, og vert flytt til kl.12-14 vår - 23. Nedtoning av Babysang-omgrep, og heller kalle det «Foreldre/barn – treff», for å få med fleire fedre og også dei som har litt større småborn.

**Orgelklubben i Møre** er ein samlingsbasert klubb for ungdommar/store born i Møre bispedøme som vil spele orgel. Tilknytta Ung Kyrjesong Nidaros-Møre. Leiarar er Gunnar Inge Eide, Geiranger/Sunnylven, og Rose Iren Stave, her. 14 medlemmar i 2022, derav 5 frå Sykylven/ Ikornnes. 3 samlingar i 2022, derav ei i Sykylven kyrkje, med overnatting i kyrkja og deltaking i gudstenesta 20.mars. Samarbeid med organistar og kulturskulelærarar rundtom. Rose Iren har opning for orgelundervisning i etterkant av Jippikorøvingane. Ein elev spelte ein sang som postludium på skulegudstenesta på Ikornnes. RIS har også hatt undervisning med 3 jenter i Sykylven kyrkje i 2022. Oppfordrar dei til å få fast undervisning i kulturskulen. Vi er heldige i Sykylven kulturskule å ha 2 pianolærarar som også er organistar, og kyrkja har godt samarbeid med kulturskulen.

**Barokk for ungdomsskulen.** Kantor hadde barokk-konsertar på galleriet for dei fire 8.klassene. Dette er eit tilbud kantor gir når ungdomsskulen har om barokkmusikk i musikkundervisninga. Samarbeid med lærarane på Ungdomsskulen. Veldig positive tilbakemeldingar. Ser effekten når ungdommane kjem på konfirmantweekend hausten etter.

### Kantor teke del i:

- Bandet til gruppa TRIO, som øver på bedehuset i Straumgjerde. Dei har sunge i gudstenester og hatt konsert i Sykylven kyrkje i oktober.
- Spelt for Velledalskoret i gudsteneste og konsert i Sykylven kyrkje.
- Samarbeidd med Credo Brass og Sykylven Janitsjarorkester.
- Kantor i samarbeid med musikkleiar arrangerte i julekonsert i kyrkjene, med kora og korpsa.
- Nyttårskonsert i samarbeid med Sykylven musikkråd og Sykylven Janitsjarorkester.
- Konserten ein del av ein programserie i TV2 om integrering av innvandrarar gjennom korps.
- Samarbeid med forskjellige solistar om sang og musikk i gudstenester.

Tor Einar Steinsvik spelar for Sykylven Gospelkor. Dei har sunge i gudstenester og halde konsertar m.a. i Sykylven kyrkje.

Sykylven Gospel og Velledalskoret har Sykylven kyrkje som fast øvelokale. Sykylven Janitsjarorkester øver i kyrkja i desember, fram mot julekonserten og 1.juledag, som dei har spelt so flott i, kvart år i uminnelege tider.

Rapport frå dagleg leiar

## KYRKJA I SYKKYLVEN-IKORNNES

### I KRISTUS

Det er gledens og evangeliets bodskap som er kjerna i kyrkja sitt arbeid i Sykkylven og Ikornnes sokn. I Han kan vi formidle håp og framtid både på denne jord og i evigheita. Dette gir oss frimod til å kalle oss ei kyrkje for folket som søker å skape meir himmel på jorda ved på peike på Han, og invitere og legge til rette for ulike fellesskap gjennom ord og handling.

**I Jesus Kristus er det summen av alle «fot- og handavtrykk»  
som ér kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.**



### GLEDE, SORG OG SAKNAD

Denne gleda samlar oss til fest og glede, men vi opplever også kyrkjene som viktige «anker» og «storstuer» i bygda, særleg ved kriser og ekstensielle situasjonar som møter oss. Her er det dedikerte personar som er budd til å stille opp som kriseteam når dette trengs.

### FOLKEKYRKJE

Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes har ei stor medlemsmasse og søker å være ei relevant kyrkje som formidlar håpet og dei gode verdiane ved å være skapt av Gud og invitert til å leve i fellesskap med Han og gjennom Han med kvarandre.

### MEIR HIMMEL PÅ JORD

I dette søker vi å gi meir av gode erfaringar og opplevingar med Han og Hans himmel i vårt lokalsamfunn og med fokus på vår neste i den vide verda.

### DIAKONAL

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Og denne omsorgen blir vist gjennom inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

### MANGFALDIG FELLESSKAP

Han inviterar oss til felleskap med seg og at dette samlar oss til fellesskap med kvarandre uavhengig av kva vi kan, våre roller og prestasjonar. Her ønskjer vi alle velkomne, akkurat som ein er.

## LEGE TIL RETTE FOR ENGASJEMENT


I dette søker vi å kontinuerlig legge til rette for ulike engasjement av både frivillige og lønna medarbeidrar.

## SAMARBEID

Vi gler oss over samarbeidet med med ulike lag og foreiningar, organisasjonar, næringslivet og kommunen. Med NAV, Flyktningekontoret og Kriminalomsorgen. Og vi gler oss over at andre trussamfunn (økumenisk) også er brukarar av kyrkjene. I dag har den Den katolske kyrkja gudstenester i Ikornnes kyrkje omlag ein gong i månaden og Den eritreisk ortodokse kyrkja har gudstenester i kapellet i Sykkylven kyrkje kvar søndag gjennom heile året.

## DET SKJER I KYRKJA

Gjennom dei ulike engasjementa, både ved frivillige og lønna medarbeidrar, gler vi oss difor stort over alt arbeidet og alle møtestadane vi har i og ved kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.



## SAMFUNNSANSVAR

Kyrkja er eit trussamfunn som ønskjer å være ein aktiv samfunnsaktør. Det gjeld vårt ansvar for skaperverket, for freds- og forsoningsarbeid, bekjempe fattigdom og å verne om mennesket unike verdi uavhengig av evne, rolle og prestasjon.

## KULTURLIV

Sang, musikk, dans og drama høyrer Gud og kyrkja til. Vi gler oss difor stort over å ha gode lokaliteter slik at ulike kor og korps, speidarane og andre er aktive brukarar av kyrkjene i Sykkylven-Ikornnes.

## OPPSUMMERING OG TANKAR FRAMOVER FOR 2023

### Frivilligåret 2022

Frivilligkeit har lenge vore eit fokus i kyrkjelyden. Soknerådet har tematisert ulike typer frivilligkeit og korleis engasjere fleire:

- Spørre fleire som kan tenke seg å bidra, men ikkje har blitt spurt.
- Frivilligkeit er i endring. Vi må ta situasjonen på alvor og tilpasse aktivitet og ressursar.
- Tidshorisont på oppgåvane.
- Rolleavklaring - kva går du til og kva blir venta av deg? Dette gjeld både dei som blir valt inn i sokneråda og utvala i sokna.
- Sokneråda er det styrande organet og ikkje komité for arrangement og praktisk arbeid.

**«Gud som har kalt hos har bruk for enhver. Du er verdifull og viktig her!»**

### Soknerådsval 2023

Det er soknerådsval 2023, og ein nominasjonskomitee vart sett ned h-22 for å begynne på nomineringsprosessen. Viktig at nominasjonskomiteen har god informasjon om kva det inneber å stille til val, kva blir forventa av ein, og kor mykje arbeid ligg det i vervet. Nominasjonskomiteen har jobba grundig, både gjennom direkte kontakt, ulike mediar, Nyss, gudstenester og anna. Det viser seg å vere vanskeleg å finne nok folk som vil stille til val.

### Presse og presentasjon

Årsmelding -21 sa: «Vi vil invitere til frivilligkeit og fellesskap, samt bruke sosiale og andre medier aktivt; informasjonsfilm, foto/videogruppe med konfirmantane, samt heimesida og Nyss. Vi kan frimodig dele i media til både informasjon og inspirasjon om kva som skjer i kyrkja. Det er viktig å ha ein bevisst strategi og plan rundt dette for kyrkjelyden i vidare arbeid. Vi vil arbeide vidare med det i 2022.»

Sykkylven sokneråd har hatt fokus på at vi skal presentere arbeidet i kyrkjelyden gjennom auka bruk av sosiale medier og lokal presse. Viktig at både tilsette og frivillige med frimod presenterar det vi har å tilby som kyrkje. Slik kan vi kome ut til folket med tilboda våre og inkludere fleire i den folkekyrkja vi er.

### Gudsteneste frekvens framover

I ei overgangsperiode har det vore to gudstenester på rad i Sykkylven kyrkje og så ei på Ikornnes. Dette for ikkje å ha samtidige gudstenester i ei tid med mindre ressursar. Dette kom først av at Simen Myklebust var i permisjon og ein valde å fortsette slik lengre enn planlagt, så den nye sokneråresten på Ikornnes Knut Farstad kunne få komme skikkeleg inn i arbeidet før ein auka gudsteneste talet.

### Kyrkjesøk julaften landsplan

I 2022 var det første gong sidan 2019 at kyrkjene kunne invitere til «vanleg» gudsteneste julaften. Fleire kyrkjelydar på landsplan melder om ein liten nedgang i 2022, samanlikna med jula 2019. Også i Sykkylven kyrkje var det markant færre enn vanleg på julaftan, og det blir spanande å sjå om det er eit unntak eller om det blir behov for meir fokus på invitasjon inn mot julegudstenestene i kyrkja.

Religionsforskarar spør seg om vanane kan ha blitt endra gjennom pandemien. Også andre deler av samfunnet melder om lavare besøkstal. Fleire har kanskje funne erstatning for dei offentlege tilboda gjennom sosiale medier. Kyrkja si utfordring er å være meir synleg gjennom sosiale medier, i tillegg til at vi må invitere fysisk.

## Prioriteringar og posisjon

Dnk sin sjølvsgagte posisjon i samfunnet er svekka, og ein del piler peikar nedover, som td dåpstal og gudstenestedeltakarar. Om vi i Møre enno har gode tal, er det retninga ellers i landet. Vi må gjenoppdage oppdraget på nytt, og kanskje lære av andre land i Europa der sekulariseringa har kome endå lenger enn her. Det kan gi oss hjelp til prioriteringar og retningsval. I Estland td har utviklinga medført radikal konsentrasjon om tre satsingsområder: gudstenestefeiring, diakoni og barne,- og ungdomsarbeid. Dei erfarer ei djup og nærliggende kobling mellom gudstenesta og diakonien. Diakonien er kyrkja sitt hjarte. Utfordringa for kyrkja er å sjå dei kontaktpunkt som finns, og skape nye gjennom å være både proaktiv og lyttande.

Første bud for evangelieformidling: Vi må våge å være til stades der folk er – når kyrkja vert invitert inn i menneske sine liv, som i gravferd, dåp og bryllup, men også når kyrkja må invitere seg sjølv. Det er derfor heilt avgjerende å søke samarbeid og samhandling med ulike lokale og nasjonale aktørar for kjempe for skaperverket, løfte fram menneskeverdet og lytte til og møte menneske sine religiøse behov.

## Tal og statistikk (ligg vedlagt)

Rapportar, tal og statistikk er viktig. Samtidig viktig å halde oppe dei verdiane som ikkje kan målast i statistikk. Verdiar som ikkje kan analyserast i effektivitet, tal og skjema.

I kyrkja forvaltar vi viktige verdiar som ikkje kan målast. Verken omsorg, tru, livsmot eller bærekraft i motgang kan førast opp i skjema. Som kyrkje må vi halde menneskesynet høgt. Det kristne menneskesynet avheng verken av produktivitet eller marknadsverdi.

Som kyrkje må vi internt legge endå meir til rette for den unike muligheita kyrkjeloge medarbeidarar har til å vere medmenneske, vise omsorg, ha samtalar, sykebesök, og samver med mennesker i kyrkjelyd og nærmiljø. Vi håper kyrkja i samfunnet først og fremst vert oppfatta som bærar av verdiar som ikkje kan målast i statistikk, og som forsvarar eit menneskesyn som ikkje avheng av avkastning, tap eller nytteverdi.

## Saman

Soknerådet si oppgåve er å vekke og nære det kristne livet i kyrkjelyden.

Det diakonale arbeidet har sett gode avtrykk for kyrkja sine brukarar og folk som vanlegvis ikkje oppsøker kyrkja. Godt samarbeid med andre organisasjonar har vore fruktbart, og noko ein bør satse på framover også.

Soknerådet vil takke staben og alle frivillige for svært god innsats.

I Sykkylven kyrkje, i Den norske og verdsvide kyrkje er vi mange som vil lyfte saman. **Vi** har mulighet til å kome saman; har fridom til å møtast, Vi har kyrkjelom og ressursar. Ulike, men alle har noko å bidra med. I lys av søsken i den verdsvide kyrkje som ikkje har det; kan vi bruke mulighetene til å være med å dele. Vi håper vi også gjennom det kan vere med å skape **"meir himmel på jorda"** lokalt, nasjonal og globalt.

For Sykkylven sokneråd

**May Lisbeth Hovlid Aurdal**  
- Soknerådsleiar -

**Torbjørn Støylen**  
- nestleiar -

**Bjørg Djupvik Grebstad**  
- 2. nestleiar-

## VEDLEGG

Statistikk fra Simen

Personlege gåver til kyrkjelydan

Gudstjenestestatistikk

Valgt periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Sted(er) Digitalt- Sykkylven- Utandørs

Utskriftsdato 13.01.2023

Antall gudstjenester og deltagere

	<u>Antall gudstjenester</u>	<u>Antall deltagere</u>
Avholdt på søn - og - helligdager?	43	5504
Avholdt utenom søn - og - helligdager?	8	2063
Totalt(sumfelt)	51	7567

Fordel totalt antall gudstjenester på nytt, etter hviket sted de foregikk

	<u>Antall gudstjenester</u>
i soknets kirke(r)?	0
på institusjon i soknet?	0
på et annet sted, verken i soknets kirke(r) eller på institusjon i soknet?	51
Totalt antall gudstjenester	51

	<u>Antall gudstjenester</u>	<u>Totalt antall til nattverd</u>	<u>Totalt antall til skriftemål</u>	<u>Totalt antall deltagere</u>
3.C.1 Gudstjenester med nattverd	32	1716		3370
3.C.2 Gudstjenester med skriftemål	1		70	159
3.C.3 Hovedgudstjenester særlig tilrettelagt for barn	2			298
3.C.4 Gudstjenester for ungdom	1			295
3.C.5 Gudstjenester for barnehagebarn	0			0
3.C.6 Gudstjenester for skoleelever	4			994
3.C.7 Gudstjenester med dåp	17			2322
3.C.8 Konfirmasjonsgudstjenester	3			1138
3.C.9 Julaftengudstjenester	3			541
3.C.10 Gudstjenester i påsken	4			573
3.C.11 Gudstjenester Kristi Himmelfartsdag	1			75
3.C.12 Gudstjenester i pinsen	1			59
3.C.13 Gudstjenester med samisk innslag	0			0
3.C.14 Allehelgensgudstjenester	1			274
3.C.15 Økumeniske gudstjenester	0			0
3.C.16 Temagudstjenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon	1			90

Hvor stort beløp ble samlet inn ved offer/kollekt i kirken? kr 0,00 (Til egen menighet: kr 0,00)

År	Tal guds-tjenester	Tal del-takarar	Snitt	Tal natt verd s-gud tene ster	Tal nattve rd	Snitt	Guds-tjeneste r på søndag og helge-dager	Tal deltaka rar på søndag og helged agar	Snit t	Døy pte
<b>2010</b>	68	12452	183	30	2132	71	51	10082	198	60
<b>2011</b>	68	12709	187	30	2519	84	55	10774	196	61
<b>2012</b>	68	13380	198	27	1975	73	55	11323	206	60
<b>2013</b>	70	14218	203	31	2383	77	55	11601	211	49
<b>2014</b>	70	14953	214	32	2689	84	56	12585	225	56
<b>2015</b>	64	12377	193	33	2811	85	51	10466	205	51
<b>2016</b>	65	10479	161	27	1939	72	50	10479	210	40
<b>2017</b>	63	11516	183	36	2729	76	51	7348	144	40
<b>2018</b>	59	11881	201	40	3073	77	50	8469	169	37
<b>2019</b>	60	10921	182	42	2733	65	51	7711	151	48
<b>2020</b>	57 (+32)	4920 + (14399)	86 eller 217	25	1330	53	46	3760	82	41
<b>2021</b>	74	5067	68	22	1638	74	58	3127	54	
<b>2022</b>	51	7567	148	32	1716	54	43	5504	128	33

# Personlege gåver i kyrkjelydane Ikornnes og Sykkylven

*Fast gjevarateneste til trusopplæring, diaconi og kyrkjelydsarbeid*

År	Ikornnes sokn	Ant. gjevarar	Sykkylven sokn	Ant. gjevarar	Samla sum	Sum gjevarar pr. 31.12.
2022	kr 22 800,00	13	kr 226 850,00	30	kr 249 650	43
2021	kr 23 150,00	13	kr 218 200,00	31	kr 241 350	44
2020	kr 6 900,00	2	kr 205 850,00	29	kr 212 750	31
2019	kr 5 400,00	2	kr 175 300,00	24	kr 180 702	26
2018	kr 5 200,00	2	kr 143 000,00	26	kr 148 202	28

Totalsum 2018-2022: kr 1 032 654

